
Vår referanse 2020/59635-3
Dato 09.09.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Områdereguleringsplan for Ostereidet - Fv. 5456 - Alver kommune

Vi viser til brev mottatt 03.07.2020. Saka gjeld avgrensa høyring av Områdeplan for Ostereidet, Alver kommune. Frist for uttale er 11.09.2020.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning Bergensområdet har vurdert planframlegget som samferdslemynde på fylkesveg.

Områdeplanen omfattar kryss mot E39, Ostereidet sentrum, Ostereidet skule, areal til nytt idrettsanlegg, bustader og fylkesveg 5456 mellom sentrum og skule / idrettsanlegg. Planen ligg til rette for ei tett utnytting av areala rundt Ostereidet senter.

Statens vegvesen fremja motsegn til planen med bakgrunn i sektoransvar for trafikktryggleik. Motsegna gjaldt mellom anna forhold utforming av nytt kryss med E39, byggjegrænse langs E39 og fv. 5456 Eidavegen (tidl. Fv 393), samt rekkjefølgjekrav opparbeiding av infrastruktur, under dette fortau langs fv. 5456.

Etter 01.01.20 har fylkeskommunen overtatt ansvaret for forvaltning og drift av fylkesvegane, medan Statens vegvesen har sektoransvar for framkome og trafikktryggleik.

Statens vegvesen har gitt uttale til saka i brev av 08.09.2020, og finn ikkje grunnlag for å trekke motsegna. Vestland fylkeskommune er gjort kjend med dette og stiller seg bak innhaldet i brevet.

Vestland fylkeskommune ber om å verte kalla inn til eventuelle oppfølgande dialogmøte i saka.

Med helsing

John Martin Jacobsen
seksjonssjefHege Løtveit
Leiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN Postboks 1010 Nordre Ål

FYLKESMANNEN I VESTLAND Njøsavegen 2

Liz Eva Tøllefsen, her

